Hardangerfjord Villfisklag 14.10.2026

v/ Arild Alvsåker

arild.alvsaaker@gmail.com

Klima- og Miljødepartementet

26/4470

Innspel oppstart stortingsmelding om villaks, sjøaure og sjørøye

Hardangerfjord Villfisklag representerar ca 20 lakseelvar med som renn ut i Hardangerfjorden, samt eit utall mindre bekkar der det vandrar sjøaure.

Me registrerar at oppdraget med stortingsmeldinga om utarbeiding av faggrunnlag og virkemidlar om anadrom fisk, ikkje skal omhandla dei største påvirkningsfaktorane frå havbruk. I tillegg ser det ut som om den langt på veg skal skjerma kraftindustrien. Me fryktar at dette vil svekka mulighetane for krafttak for anadrom fisk i denne meldinga.

I elvane som renn ut i Hardangerfjorden har me gjennom 3 ti-år har sett konsekvensane av lakselus og genetisk påvirkning frå rømt oppdrettslaks. Sjølv etter fleire nedtrekk av produksjonen ihht til trafikklyset, konkluderar Havforskingsinstituttet i 2026, med fortsatt høg risiko for lusepåført dødelighet, og høg risiko for ytterligare genetisk påvirkning.

Sjøaure MÅ få betydelig plass i meldinga. Den oppheld seg i fjorden store delar av året, og er dermed påverka av lakselus over eit lengre tidsrom enn laksen.
Når stortingsmeldinga handlar om villaks, sjøaure og sjørøye, kan ikkje regulering av havbruk i hovudsak vera basert på kva som skjer med laksesmolten nokre få veker på våren. Sjøauren MÅ inn som EIGEN miljøindikator med reell reguleringskraft. Ikkje berre som ein overvåka indikator.

Vassdraga i Hardanger har over tid hatt svært svake bestandar av laks. Ein er nede på nokre få titals gytande laks. 10 år med innsamling av laks til Genbank

Hardangerfjord, visar at ca 45% av laksen er genetisk påvirka, og må forkastast. Sjølv eit fåtal rømte oppdrettslaks som gyter i elvane, vil ha stor genetisk påvirkning.

I ein så prekær situasjon, MÅ stortingsmeldinga vurdera meir aktiv bruk, av allerede innsamla genbankmateriale, for å opprettholda bestandar fram til overlevelsesgrunnlaget for villaksen, sjøauren og sjørøya er reetablert.

Vårt område, Hardangerfjorden, var tidlig ute med oppdrett. Her ser me resultatet av den samla belastninga på anadrom fisk gjennom fleire ti-år. Det er all grunn til å frykta, at den reduserte tilbakevandringa av anadrom fisk me har sett lenger nordover kysten siste åra, vil fortsetja av samme årsaker som i Hardanger.

Derfor MÅ stortingsmeldinga og omhandla at det vert iverksatt tiltak ut frå det kunnskapsgrunnlaget me har i dag. Kunnskapsgrunnlaget er breidt, og det er godt. Men ny kunnskap vert stadig tilført. Tiltak må ikkje utsettast i påvente av ny kunnskap, men startast opp på grunnlaget me har, og evntuelt forsterkast og justerast i takt med tilgang på ny kunnskap.

Fleire stader langs kysten, har me seinare år sett ein voldsom auke i fritidsfiske med stang etter sjøaure i sjøfasen. Dette skjer i fredningssonar. Det skjer i regionar som er i gang med reetablering av anadrome stammer etter gyrobekjempelse.

Hardangerfjord Villfisklag ber om at meldinga ser på om det vil vera nyttig å igjen innføra Fisketrygdavgift for fritidsfiske etter anadrom fisk i sjø. Dette vil gje betre oversikt over omfanget av dette fisket, og det vil ligge muligheter i eit slikt system for framtidig pliktig rapportering av utøvd fiske og fangst. Me veit pr i dag lite om kor mykje sjøaure, laks og sjørøye som vert fiska i sjø.

Vitenskapelig råd for lakseforvaltning (VRL) peikar på kraftindustrien som «ein stor, men stabilisert» trussel for anadrom fisk. På tross av «målsetting om størst mulig verdiskaping innenfor bærekraftige rammer, skal være førande for alle vurderinger og tiltak i stortingsmeldingen», meinar HV at meldinga må sjå nærare på framtida til kraftindustrien. I dagens energisystem med stignde kraftprisar, og variable prisar gjennom døgnet, er truslane frå kraftproduksjon mindre stabiliserte enn på lenge. Eksempelvis pga ynskje om effektkøyring ihht til prisbilete i kraftmarknaden.

Statens Naturoppsyn (SNO), er ein viktig aktør i bevaringa av anadrom fisk. Meldinga må ta stilling til om SNO greier å håndtera overvåking langs heile kysten med dagens ressursar og organisering.

Rundt om i landet, pågår det stor lokal dugnadsinnsats i og langs vassdraga våre. Både i Hardanger og i Rogaland, har det dei seinare åra vore betydelig aktivitet med eksempelvis restaurering av gytebekker for sjøaure. Meldinga må sjå nærare på tiltaka som er gjort, og vurdera om det kan innførast «ein nasjonal veileder» for slikt arbeid. Då må alt frå planlegging, finasiering og utføring av tiltak vera med.

Meldinga bør ta stilling til om det bør opprettast fleire fredningssonar ved utløp av anadrome vassdrag, samt vurdera å utvida størrelsen av dei. I tillegg bør meldinga peika på korleis fredningssonar skal merkast, og gjerast offentlig kjent.

Grenser for næringsfiske må vurderast i høve til fare for bifangst av laks, sjøaure og sjørøya. For fiske som føregår i oppvandringstida for anadrom fisk, mai til oktober, må det sikrast tilstrekkelige fredningssonar ved utløp i fjordar med anadrome vassdrag.